

# SLT Handlingsplan 2026

## Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggende tiltak i Aukra

Felles innsats for ein tryggare kvardag for barn og unge



### Visjon:

Alle barn og unge skal  
vere inkludert og kjenne  
at dei høyre til i Aukra  
kommune

### Overordna mål:

Styrke det førebyggande  
arbeidet mot rus, kriminalitet  
og utanforskap gjennom  
samordning og tidleg innsats

## INNHALD

OVERORDNA RAMMER FOR ARBEID MED BARN OG UNGE I AUKRA .....	2
MÅL MED SLT .....	2
ORGANISERING AV SLT-MODELLEN .....	3
UNGDATA-UNDERSØKINGA I AUKRA 2024 .....	3
TILBAKEBLIKK PÅ SLT I 2025 .....	4
MÅL OG TILTAK FOR 2026 .....	5

## OVERORDNA RAMMER FOR ARBEID MED BARN OG UNGE I AUKRA

**Kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra 2030** har barn og unge som eitt av hovudsatsingsområda. Arbeidet skal vere prega av systematisk og tverrfagleg samarbeid, med vekt på tidleg innsats, gode fysiske og psykososiale oppvekstmiljø, utjamning av sosiale skilnader og medverknad frå barn og unge.

**Barne- og ungdomsplanen 2021–2030** er styrande for tilsette som jobbar med barn og unge. Føremålet med plana er å ha ein heilskapleg strategiplan for barn og unge, med fokus på samhandling, førebygging og tidleg innsats.

Aukra er ein **MOT-kommune**, med ansvar for å utvikle ei felles verdiplattform som styrkar barn og unge sitt mot til å leve, vere seg sjølv og vise omsorg for andre.

**SLT-modellen** samordnar lokale førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet, slik at ressursane frå kommune og politi blir målretta og gir barn og unge rett hjelp til rett tid.

Aukra kommune brukar **BTI-modellen** (Betre Tverrfagleg Innsats) som felles rammeverk for tidleg innsats og betre samhandling rundt barn, unge og familiar som treng støtte.

## MÅL MED SLT

SLT-modellen skal gjere det førebyggjande arbeidet mot rus og kriminalitet meir effektivt ved å samordne ressursane i kommunen, politiet og frivillige aktørar.

Kriminalitetsførebygging handlar om å satse systematisk på å hindre kriminalitet før den oppstår gjennom tiltak retta mot årsakene til problematisk åtferd. Innsatsen må vere brei og omfatte både sosiale miljø, enkeltpersonar og fysiske omgjevnader.

Tiltak som reduserer utanforskap og rusmisbruk bidreg også til å førebygge kriminalitet. Gode oppvekstvilkår og tidleg hjelp er avgjerande for å redusere problemåtferd.

Ein koordinert og kunnskapsbasert innsats i forpliktande samarbeid mellom kommune, politi og frivillige sparer både menneske og lokalsamfunn for store belastningar (SLT-håndboka, Bugge, et. al, 2011).

Link til SLT-handbok: [SLT-handboken-juni-2021.pdf](#) (konfliktraadet.no)

## ORGANISERING AV SLT-MODELLEN

I Aukra er det førebyggjande arbeidet organisert etter SLT-modellen sin “gullstandard” som er ein tre-nivåmodell koordinert av SLT-koordinator.

SLT-modellen – Organisering

Nivå	Føresetnad	Deltakarar	Mandat og møtefrekvens
<b>Styrande nivå (Politirådet)</b>	Består av toppleiarar frå kommunen og politiet.	Ordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar (oppvekst & kultur, samfunnsutvikling, helse), kultursjef, politistasjonssjef, politikontakt og SLT-koordinator	Fire møter i året, ansvar for strategiske mål og prioriteringar, har avgjerande ord for koordinatoren si faglege verksemd.
<b>Koordinerande nivå (SLT-koordineringsgruppa)</b>	Deltakarane har myndigheit og god kjennskap til utfordringar.	Einingsleiarar frå kultur, NAV, barnevern, innvandring og integrering, barnehagar, skolar og helse samt leiande helsesjukepleiar, kommunalsjef for OKU, kommunalsjef for HO, folkehelsekoordinator, pedagogisk rådgivar, politi, PPT, fylkeskommune, og næringsliv	Fire møter i året, ansvar for praktisk koordinering og tiltak (avdekke utfordringar, utarbeide løysingar og koordinere innsats på tvers av tenester).
<b>Utførande nivå (Alle som jobbar direkte med barn og unge)</b>	God kommunikasjon med koordinerande nivå.	<b>«Ung i Aukra»:</b> Ungdomslos, Fritidslos, miljøarbeidar i kultur, miljørettleiar frå skolane, helsesjukepleiar, miljøterapeut i Flyktingtenesta, politikontakt, SLT-koordinator, frivillige lag/organisasjonar og FAU	Fire møter i året, omset mål i praksis og samlar informasjon om trendar og fenomen.
<b>Møteverksemd: Ung i Aukra</b>			

## UNGDATA-UNDERSØKINGA I AUKRA 2024

### Gjennomføring:

Undersøkinga blei gjennomført våren 2024 på Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole.

- **Ungdata junior (5.–7. trinn):** 115 elevar (78 % svarprosent).
- **Ungdata ungdomstrinnet (8.–10. trinn):** 205 elevar (91 % svarprosent).

Tabellen under gir ei samla oversikt over nokre sentrale funn frå Ungdata-undersøkinga i Aukra 2024. Tala gir eit bilde av korleis barn og unge i kommunen opplever kvardag, helse, fritid og skole. Rapportane kan lesast i sin heilheit ved å trykke på lenkene under:

- [Rapport frå Ungdata junior 2024](#)
- [Rapport frå Ungdata ungdomstrinnet 2024](#)

### Trendar og bekymringar:

- Auke i einsemd og psykiske plager
- Høg skjermtid og fleire negative hendingar på nett
- Auke i rusbruk blant ungdom (alkohol og cannabis)
- Mobbing og vald er framleis utfordringar
- Lågare tilfredsheit med skolen og lokalmiljøet enn nasjonalt snitt

Ungdata-resultata skal nyttast som kunnskapsgrunnlag inn i SLT-arbeidet og SLT-nettverket skal jobbe målretta og systematisk med å snu negative trendar som kjem fram i Ungdata-rapporten.

UNGDATA FOR AUKRA 2024		
TEMA	BARN (5.–7. TRINN)	UNGDOM (8.–10. TRINN)
Nøgde med foreldra	95 %	87 %
Venn dei kan stole på	91 %	87 %
Einsemd (ofte + veldig ofte)	13 + 3 % (nasj. 11 %)	16 + 9 %
Nøgde med skolen	59 % (nasj. 80 %)	54 % (nasj. 62 %)
Gruar seg til skolen	32 %	33 %
Lekser minst 1 t.	–	43 %
Skulking	–	36 %
Trygg i nærområdet	96 %	86 %
Nøgd med lokalmiljøet	82 %	55 % (67 % i 2021)
Nøgd med kulturtilbodet	–	51 %
Deltek på fast fritidsaktivitet	79 %	50 % (63 % i 2021)
Idrett	61 %	–
Trenar minst èin gong i veka	–	76 %
Skjermbruk (ikkje skolearbeid)	60 % (3+ t)	72 % (3+ t)
Mobbing	23 %	12 %
Negative nett-hendingar	49 %	–
Nøgde med helsa	76 %	57 % (nasj. 67 %)
Søv 6 t. eller mindre	12 %	34 %
Psykiske plagar	–	19 % (16 % i 2021)
Smertestillande	29 %	24 % (20 % i 2021)
Rusa på alkohol siste året	–	18 %
Har brukt Hasj/marihuana	–	7 % (nasj. 4 %)
Vald frå jamaldringar	–	31 %
Vald frå vaksen i familien	–	7 %

## TILBAKEBLIKK PÅ SLT I 2025

I 2025 har SLT-arbeidet i Aukra hatt eit sterkt fokus på integrering og inkludering, med mål om at alle skal kjenne seg heime og høyrer til i lokalsamfunnet. Barnevernet har informert om prosessane ved bekymringsmeldingar, og uttrykt uro over ein merkbar nedgang i meldingar det siste året. Ny opplæringslov og konsekvensane for skolar og elevar blei presentert for SLT-gruppa.

Utfordringar knytt til barn og unge, særleg smarttelefonens negative påverknad, har fått stor merksemd, og fleire tiltak skal følgjast opp i 2026. Rusførebygging har vore prioritert med foreldremøte, undervisning og samarbeid mellom skolar, kultur og helsetenesta. Lavvo er bygd til arrangementet Seek & Find, som måtte avlysast grunna vêr, men blir prøvd igjen neste år.

Kommunen har fått tilskot til prosjektet «Fritidslos» for å støtte sårbar ungdom i alderen 15-19+ år, og årets SLT-seminar løfta fram inkludering som hovudtema, med inspirerande innlegg frå Cengiz AI,

rektor på Julsundet skole og mobbeombodet. Til SLT-seminaret blei det laga tapas av barnehagekokkar til ca. 90 deltakarar.

## MÅL OG TILTAK FOR 2026

SLT-arbeidet er delt opp i fire kategoriar med kvar sitt hovudmål som skissert under. Kategoriane er ført inn i kvar sin tabell som viser tiltaka for å nå måla.

	GENERELT	BYGGANDE	FØREBYGGANDE	KRIMINALITETS-FØREYGGANDE
<b>MÅL</b>	Tett samarbeid og oppdatert kunnskap om oppvekstmiljøet og kriminalitetsbildet	Vidareutvikle eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge	Styrke systematisk rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid retta mot alle	Systematisk oppfølging av barn og unge i risiko og/eller som har utvikla vanskar

<b>GENERELT</b>	
<b>Mål: Tett samarbeid og oppdatert kunnskap om oppvekstmiljøet og kriminalitetsbildet</b>	
<b>SLIK GJER VI DET</b>	<b>TIDSPUNKT/ANSVAR</b>
<b>1.1 Ungdata 2024</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nytte Ungdata-resultata som kunnskapsgrunnlag inn i SLT-arbeidet</li> <li>Jobbe målretta og systematisk med å snu negative trendar som kjem fram i Ungdata-rapporten</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator, leiarar og andre samarbeidspartar
<b>1.2 Faste møter i dei ulike nivåa i SLT-modellen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fire årlege møter i Politiråd (det styrande nivå)</li> <li>Fire årlege møter i Koordineringsgruppa (det koordinerande nivå)</li> <li>Fire årlege møter i Ung i Aukra (det utførande nivå)</li> </ul>	<b>Tid:</b> Sjå årshjul/møteplan for SLT og BTI i <a href="#">BTI Samhandlingsmodell for Aukra kommune</a> <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator og SLT-nettverket
<b>1.3 Andre faste møter med politi og tenester i Aukra kommune</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Månadlege møter mellom politikontakt og SLT-koordinator i Molde og Aukra</li> <li>Månadlege møter mellom politi og psykisk helse- og rustenesta</li> <li>Månadlege møter med politi og ressursnettverk for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme for Molde og Aukra</li> <li>Fast møte kvar veke med politi og barnevern for Molde, Aukra og Vestnes</li> <li>Faste møter mellom politi og helsesjukepleiarar i Molde og Aukra</li> <li>Politi og SLT-koordinator inviterer seg inn i ungdomsrådet minimum ein gang i året og ved behov</li> <li>SLT-koordinator deltek i felles møter ca. 2 gangar i året saman med SLT-koordinatorar og politikontaktar i Møre og Romsdal</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> Politi, aktuelle funksjonar/tenester og SLT-koordinator
<b>1.4 SLT - seminar 2026</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Invitere aktuelle føredragshaldarar (lokale og eksterne).</li> <li>Lage og sende ut invitasjon</li> <li>Praktisk (servering, lokale, etc.)</li> </ul>	<b>Tid:</b> Onsdag 11.11.26, kl. 1500-1800 <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator og Fagstab for oppvekst og kultur
<b>1.5 Auke kunnskap</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Legge til rette for at partane i SLT-nettverket er oppdatert på oversiktsarbeidet i kommunen for å auke kunnskapen om utfordringsbildet.</li> <li>Auke kunnskap om tiltak, tenester og tilbod i SLT-nettverket gjennom informasjonsdeling og kunnskapsdeling</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator og SLT-nettverket

<ul style="list-style-type: none"> <li>– SLT-koordinator skal samle kunnskap ved å delta på aktuelle samlingar nasjonalt og regionalt</li> </ul>	
<b>1.6 Synleggjering av SLT-arbeidet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sørge for oppdatert informasjon om SLT-modellen og SLT-arbeidet på kommunen si heimeside og i BTI - samhandlingsmodellen</li> <li>– Gjer SLT-arbeidet kjent for tilsette og innbyggjarar</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator og Fagstab for oppvekst og kultur

<b>BYGGANDE</b>	
<b>Mål: Vidareutvikle eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge</b>	
<b>SLIK GJER VI DET</b>	<b>TIDSPUNKT/ANSVAR</b>
<b>2.1 Involvering av lokalsamfunnet (lag/foreiningar/frivillige)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Utveksle erfaringar og dele kunnskap om barn og unge og om førebyggjande arbeid.</li> <li>– Drøfte korleis vi kan samarbeide og utfylle kvarandre best mogeleg.</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator og SLT-nettverket
<b>2.2 Involvering og kontakt med foreldre</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Oppretthalde kontakt med FAU på JUSK og GBU</li> <li>– Opprette kontakt med FAU i barnehagane</li> <li>– Deling av relevant informasjon (Aukranytt, SoMe, infoskjermar, etc).</li> <li>– Invitere til foreldremøte, "Trygg vaksen" – kurs og SLT-seminar</li> <li>– Nytte seg av Visma skole ved viktig informasjon til foreldre.</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator i samarbeid med einingsleiarar
<b>2.3 Vaksne til stades i ungdomsmiljøa</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Gjennomføre årlege møter med foreldrevakter og natteravnar knytta til arbeidet «Møteplass for ungdom» (sjå årshjul i SLT-møtekalender for info)</li> <li>– Sikre eit trygt samfunn for ungdom med tryggleiksvandring i skolekretsen</li> <li>– Organisering av foreldrevakter på Open kveld (8. klasse foreldre)</li> </ul>	<b>Tid tryggleiksvandring:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> Foreldre i Aukra og tilsette i kulturavdelinga i samarbeid med SLT-koordinator
<b>2.4 Involvering av barn og unge</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Opprette ungdomsstyre - Møteplass for ungdom med fast vaksenperson</li> <li>– SLT-arbeidet med kopling til ungdomsrådet i Aukra</li> <li>– Arbeide med haldningar, inkludering og kultur blant ungdom gjennom MOT</li> <li>– "Alle med" ordning (BUA, friplassar, transportløyningar, kontantkasse)</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> Kulturavdelinga i samarbeid med OKU

<b>FØREBYGGANDE</b>	
<b>Mål: Styrke systematisk rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid retta mot alle</b>	
<b>SLIK GJER VI DET</b>	<b>TIDSPUNKT/ANSVAR</b>
<b>3.1 Opplysning til barn og unge</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Førebyggjande undervisningsopplegg som til dømes ulike livsmeistringsprogram, Delbart, nettvett, med meir</li> <li>– Sikre søkelys på demokratisk beredskap i skole (Dembra)</li> <li>– Følgje opp tiltak i rutine for Rusførebygging i Aukraskolen og kjentmann-arbeidet i skolen (undervisning og informasjon om rusmidlar, med meir)</li> </ul>	<b>Tid:</b> Følgjer skolen sitt årshjul <b>Ansvar:</b> Tilsette i skole i samarbeid med politi, skolehelsetenesta, helse, kulturavdeling, FAU og SLT-koordinator
<b>3.2 Informasjonskanalar til ungdom</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Nytte seg av SoMe som Informasjonskanal til ungdom (Ung i Aukra, kommunen sine kanalar, kva skjer på Julsundet, kva skjer på Gossen, etc.).</li> </ul>	<b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> Representantar for møteverksemd i «Ung i Aukra»

<p><b>3.3 Opplysning til foreldre og andre ressurspersonar for barn og unge</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Følgje opp tiltak i rutine for Rusførebygging i Aukraskolen (foreldremøter i regi av kultur og i regi av skole)</li> <li>– Invitasjon til SLT-seminar 2026</li> <li>– Opplyse om webinar/kurs for foreldre</li> <li>– Auke kunnskap om smarttelefon sin påverknad på barn og unge</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator, FAU og tilsette i skole, kultur, politi og helse</p>
<p><b>3.4 Oppdatert kunnskap og kompetanseheving for tilsette</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Opplyse om relevante kurs og webinar til SLT-nettverket</li> <li>– Invitere til fagdagar gjennom deltaking på digitale kurs og konferansar</li> <li>– Sørge for at referat frå møter i SLT-nettverket blir delt med alle som har eit rus- og kriminalitetsførebyggjande ansvar for barn og unge</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator, representantar i SLT-møta</p>

<p style="text-align: center;"><b>KRIMINALITETSFØREBYGGANDE</b></p> <p style="text-align: center;"><b>Mål: Systematisk oppfølging av barn og unge i risiko og/eller som har utvikla vanskar</b></p>	
SLIK GJER VI DET	TIDSPUNKT/ANSVAR
<p><b>4.1 Tydeliggjering av roller og ansvar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Intern avklaring på kven som har ansvar for kva når det gjeld oppfølging av barn og unge i risiko</li> <li>– Informere foreldre om deira og kommunen sitt ansvar.</li> <li>– Følgje opp nasjonal rettleiar for <i>“Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier”</i> og gjere det klart kven som har ansvar for samordningsplikta, koordinator/barnekoordinator og individuell plan.</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> BTI-team, einingsleiarar som jobbar med barn og unge i Aukra og forvaltninga i Aukra (koordinerande eining)</p>
<p><b>4.2 Betre tverrfagleg innsats (BTI)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Jobbe systematisk etter BTI-modellen sin handlingsrettleiar</li> <li>– Opprette stafettlogg når ei bekymring er avklart og det er behov for å sette inn tiltak som kan hjelpe barnet/ungdommen (nivå 1 i BTI-handlingsrettleiar)</li> <li>– Når eiga teneste ikkje strekk til, følgje nivå 2 i BTI-handlingsrettleiar: og invitere nye samarbeidspartnarar til møte og inn i stafettloggen</li> <li>– På nivå 3: Vurdere rett til koordinator/barnekoordinator og individuell plan og opplyse om dette til familien</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> Einingsleiarar og tilsette som arbeidar med barn og unge</p>
<p><b>4.3 Barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sette seg inn i samhandlingsforløpa til barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal og sjå dette i samheng med kommunen sine tilbod, tenester, system og rutinar (kven gjer kva og når?)</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året. <b>Ansvar:</b> Alle tilsette som jobbar med barn og unge i Aukra kommune</p>
<p><b>4.4 Tiltakskort</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sette seg inn i tiltakskort utarbeid av direktorata for helse, utdanning, Bufdir og politi. Tiltakskorta skal bidra til at tilsette tør å dele informasjon og dermed raskt set i gang nødvendig oppfølging ved uro for eit barn/ungdom</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> Alle tilsette som jobbar med barn og unge i Aukra kommune</p>
<p><b>4.5 Radikalisering og valdeleg ekstremisme</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Følgje opp arbeidet i «Rettleiar ved bekymring for radikalisering og valdeleg ekstremisme».</li> <li>– Sørge for oppdatert kunnskap om fagfeltet for Aukra sine mentorar</li> <li>– Informere tilsette i skolar og andre aktuelle tenester om rettleiaren</li> <li>– Delta i ressursnettverk for førebygging av radikalisering mot valdeleg ekstremisme for Molde og Aukra.</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> Radikaliseringskontakt, SLT-koordinator, mentorar og førebyggjande politi</p>
<p><b>4.6 Sørke tilskot og følgje opp tiltak og prosjekt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sørke tilskot på Tilskotsordninga «Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak» med søknadsfrist 01.12.26 (Sfk)</li> </ul>	<p><b>Tid:</b> Pågåande gjennom heile året <b>Ansvar:</b> SLT-koordinator, Fagstab for</p>

<ul style="list-style-type: none"> <li>– Søke tilskot på Tilskotsordninga «Førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme» 01.12.26 (Sfk)</li> <li>– Følgje opp Fritidslos-prosjektet gjennom tilskotsordninga «Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak» (Sfk)</li> <li>– Følgje opp tiltak gjennom tilskotsordninga «Førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme» (Sfk). Tiltak: Mentorutdanning for fleire tilsette, styrking av foreldrerolla og medvit kring digitale vanar hos barn og unge.</li> </ul>	<p>oppvekst og kultur, Einingsleiarar i OKU og HO</p> <p>Sfk = Sekretariatet for konfliktrådene</p>
--	---